



Vår dato:

04.01.2024

Vår ref:

2023/15974

Dykkar dato:

23.10.2023

Dykkar ref:

202309373

Norge vassdrags- og energidirektorat

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Sølsnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknader om ny transformatorstasjon, koplingsstasjon og kraftlinjer i Øygarden kommune

Øygarden transformatorstasjon vil bygge ned delar av ein viktig naturtypelokalitet med kystlynghei, vil føre til tap av areal med høg karbonlagring, og vil òg kunne få konsekvensar for andre av våre ansvarsområde. Forsterkinga av linjenettet har stor samfunnsnytte, og konsekvensutgreiinga seier at alternativ 1, som det er søkt om, samla sett vil vere den beste utbyggingsløysinga. Vi legg til grunn at nye inngrep i natur og landbruksareal blir avgrensa så langt som råd, og at det blir stilt krav om avbøtande tiltak.

Vi viser til høyringa av søknadar om oppgradering av straumstilføreselen til Øygarden.

Bakgrunn

Det er behov for å forsterke transmisjonsnettet som forsyner regionen med kraft, på grunn av forventa forbruksvekst både innan industri og allment forbruk. Tiltaket utgjer første trinn på spenningsoppgraderinga Sogndal – Modalen – Kollsnes.

Statnett søker om konsesjon for ny Øygarden transformatorstasjon og fire 420/300 kV-luftleidningar inn til stasjonen. BKK søker om konsesjon for ny koplingsstasjon og ein 132 kV luftleidning inn til stasjonen. Eksisterande 132 kV luftleidning og ei 22 kV linje parallelt med denne skal rivast.

Våre merknader

Tiltaket skal sikre framtidig straumforsyning og har dermed stor samfunnsverdi. Det er planlagt ny transformatorstasjon ved dagens Kollsnes transformatorstasjonen. Det er omtalt alternative plasseringar av transformatorstasjonen, men desse er ikkje omsøkt. Koplingsstasjonen må stå nær transformatoren, og plasseringa av denne er dermed avhengig av den valde transformatoromta. Det same vil òg linjetraséane vere.

Vi legg generelt til grunn at utbygging skal skje med minst mogleg nye varige inngrep i naturmiljø og landbruksareal, og at området blir sett i stand etter utbygginga i tråd med moderne prinsipp om bruk av lokale artar og lokal frøbank til revegeteringa. Dette inneber mellom anna at tilkomstvegar, lagerplassar og riggar i størst mogleg grad blir basert på allereie nedbygt areal, at all transport blir vurdert i tråd med naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, og at hogst i kraftlinje traséar blir avgrensa til tre som kan kome opp i sikkerheitssona til linja.



Naturtypar blei kartlagt/vurdert i 2021 etter Miljødirektoratets instruks. Tiltaket vil påverke fleire naturtypelokalitetar med kystlynghei, som er ein utvald naturtype med svært stor verdi. Lokaliteten Jøreshøyen – Krossvardane har tilstand vurdert til god, medan lokalitetane Vardheia - Ørndalshøyen og Skjenaråsen, og Gjenekletten - Åsen er vurderte til moderat tilstand. Det er registrert ytterlegare 11 lokalitetar, som har fått tilstandsvurdering dårleg eller svært redusert, på grunn av varierande grad av attgroing. Den viktigaste lokaliteten er dermed Jøreshøyen – Krossvardane, og naturmangfaldet er registrert som stort fordi lokaliteten er stor. På grunn av storleiken er naturmangfaldet vurdert til stort òg i Gjenekletten – Åsen, men her er altså tilstanden moderat, fordi lokaliteten er ei kystlynghei utan beitespor, og som no er i brakk.

Utbygginga vil sterkt forringje kystlyngheia i lokaliteten Vardheia – Ørndalshøyen, ved å byggje ned 1/3 av arealet. Det kan vidare bli restriksjonar på eventuell framtidig lyngbrenning, på grunn av nærliek til transformatorstasjonen. Den viktigaste kystlyngheilokaliteten, Jørreshøyen – Krossvardane, vil blir sterkt forringa ved ei utbygging etter alternativ 2, som ikkje er omsøkt. Alternativ 1 er rangert som det beste utbyggingsalternativet, fordi kystlyngheia der har noko dårlegare kvalitet, ved at den ikkje blir aktivt skjøtta med beite eller brenning.

Fugl blei kartlagt i 2022, i hekketida, og Artskart viser òg fleire observasjonar av artar på trekk. Registreringane omfattar fleire raudlisteartar som har relevans i saka. Breidvik er hekkelokalitet for vipe (kritisk truga – CR), lokaliteten er òg funksjonsområde for fleire sterkt truga (EN) artar, og ei rekke raudlista og livskraftige artar. Funksjonsområda Vardheia og Øygarden SV har fått verdivurdering til respektive svært stor og stor verdi på grunn av raudlisteregistreringane. Ossundet er ein viktig trekkkorridor for mange artar, og leielinje for nordaust-sørvest trekk som knyter ytterkyst sammen med indre fjordstrauk.

Konsekvensrapporten seier at den viktigaste lokaliteten, Breidvik, vil bli ubetydeleg endra, då funksjonsområdet ligg 900 meter unna, og er skjerma av både veg og industriområde. Lokaliteten Vardheia vil bli noko forringa, på grunn av at funksjonsområdet berre ligg 300 meter unna og vil bli noko påverka av anleggsaktivitet. Støy og aktivitet i anleggsfasen kan få varige negative verknader for truga/sårbare artar som vipe, fiskemåke, storspove og raudstilk. Trekkkorridoren i Ossundet blir noko forringa av dei nye linjene. Det er viktig å vere klar over at utbygginga er planlagt i eit hubrottoritorium. Vi kjenner ikkje eksakt til hekkeplassen, men vi trur denne er tilstrekkeleg unna anleggsareala.

Kystlyngheilokalitetar har store mengder karbon i jordsmonnet. Konsekvensutgreiinga viser at klimagassutsleppa for alternativ 1 er potensielt ganske mye større enn for alternativ 2, på grunn av større arealbeslag. I søknaden er det derimot påpeika at lokaliseringa ved Trodalsvatnet ikkje inkluderer alle anlegga som har kome til i prosjekteringsperioden, og at det ikkje er noko som tilseier at arealbruken blir mindre ved alternativ 2, og reelle tall for klimagassutslepp frå arealtap vil vere relativt likt mellom de to alternativa.

Det er ikkje foreslått avbøtande tiltak for å redusere klimagasseeffekten. Sidan tapet er knytt til nedbygging av areal, så vil det viktigaste avbøtande tiltaket vere å minimere arealinngrepa så langt som råd. Om det skal kompensera for skaden, må dette dermed skje på andre areal. Vi tilrår at det blir vurdert tiltak for å betre karbonlagringa, for eksempel ved restaurering av våtmark. Dette er jo eit prinsipp som har vore brukt i andre energisaker for å kompensere for tap av dyrka mark.

Tiltaket vil ikkje påverke dyrka eller dyrkbar mark, men transformatorstasjonen vil byggje ned beiteområde for sau, og stykke opp resterande utmarksbeite i delområdet. Utbyggingsalternativet er det minst gunstige for utmarksbeita, og påverknaden er vurdert til forringa i KU-rapporten.



Utbygginga er planlagt i eit ope, men delvis småkupert, kystlandskap. Det opne landskapet betyr at nye inngrep og installasjonar kan bli synlege, noko som vil vere negativt for bumiljø og friluftsliv. Dette er godt utgreidd i konsekvensutgreiinga. Kollsnes-området er prega av eksisterande industri og kraftlinjer. Den nye stasjonen vil utvide industriområdet, men vil kome på eit meir ope og synleg stad enn eksisterande tunge bygningar.

Arealbeslag og ny transformatorbygning med kabelanlegg vil naturleg nok påverke tomta og nærområdet, og landskapsopplevinga ved delområda Ørndalsøyen og Rossnes vil bli forringa. Sjølv om KU-vurderinga for Rossnes er betydeleg miljøskade, er den samla vurderinga for alternativet det er søkt om noko negativ konsekvens, på grunn av nærleiken til eksisterande utbygt område. For friluftsinteressene er konsekvensen av utbygginga samla sett vurdert til ubetydeleg miljøskade, men delområde Utveggen får betydeleg miljøskade. Alternativ 1 er rangert førre alternativ 2 for både landskap og friluftsliv. Vi har ikkje merknader til dette, utover dei generelle innspela ovanfor om å minimere nye inngrep i natur og landbruksareal.

Vi legg til grunn at det blir sett vilkår i konsesjonen om at føreslegne avbøtande tiltak i konsekvensrapporten skal vurderast/følgjast opp i detaljplanen. Dette gjeld mellom anna å unngå støyande aktivitet, som sprenging, som kan påverke hekkinga til truga/sårbare artar som vite, storspove, fiskemåke og raudstilk, medan mindre støyande aktivitet kan gjennomførast heile året. Mellombelse anleggsareal bør tilbakeførast til kystlynghei med stadeigne artar, i tråd med dei generelle råda som er nemnd ovanfor. For anleggsfasen må det føresetjast at det blir laga plan for avbøtande tiltak for å unngå forureining av vassførekomstar. Vi legg også til grunn at føreslegne registreringar og tiltak for å unngå spreiling av svartelista artar, blir følgd opp i konsesjon og detaljplan.

Støy er utgreidd i tråd med støyretningslinje T-1442, og støynivået ved for nærmeste busetnad vil halde seg innanfor grenseverdi i driftsfasen. Det er også vurdert støyutbreiing frå anleggsmaskinar og steinknuseverk i anleggsfasen. Vi legg til grunn at det blir stilt nødvendige krav i konsesjon og detaljplan.

Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining. Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243. Alle massar skal vurderast etter ressurspyramiden, og at det må vurderast samfunnsnyttig bruk før det eventuelt blir planlagt deponering. Vi minner om at eventuelt betongavfall skal handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta. Det går fram av kreosotimpregnerte trestolpar frå linja som skal sanerast vil bli levert til godkjent mottak.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Med helsing

Solveig Kalvø Roald
seniorrådgjevar

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Øygarden kommune
Vestland fylkeskommune

Ternholmvegen 2
Postboks 7900

5337
5020

RONG
BERGEN